



SAKSHANDSAMAR
Sissel Carlstrøm

VÅR REF.
17/00037-156

ARK. Forvaltningsarkivet
318.5

INNVALSTELEFON

DYKKAR REF.

DYKKAR DATO
04.10.2017

VÅR DATO
09.10.2017

TELEFAKS
+47 22 94 04 04
postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Hordaland fylkeskommune - tilskot og utbetaling til KIK-arbeid 2017. Statsbudsjettet 2017 kap. 1429 post 60

Vi viser til søknader om midlar til kompetansemodell frå Hordland fylkeskommune og til kulturminneplanarbeid i Lindås, Masfjorden, Voss og Stord kommunar, våre tilskotsbrev dok.nr. 17/00037- 68, 69, 70, 71, 72 og utbetalingsoppmoding frå Hordaland fylkeskommune datert 04.10.2017.

Vedtak om tildeling

Riksantikvaren har fattat følgjande vedtak:

Riksantikvaren gir Hordaland fylkeskommune ei tildeling på kr 500 000 frå post 60 fordelt med kr. 100 000 til kvar av kommunane Lindås, Masfjorden, Voss og Stord og kr. 100 000 til fylkeskommunen.

Utbetaling

Vi betaler ut dei tildelte midlane i samsvar med vedtaket og ovannemnde tilskotsbrev.

Oppfølging

Riksantikvaren ber Hordaland fylkeskommune følgje opp bruken av tilskotsmidlane. Midlar som ikkje blir brukte i inneverande år vert å setje av i fylkeskommunen på **bunde fond – øyremerka midlar**. Merk at påløpte renter på bundne fond skal godskrivast fondet sitt formål.

Rapportering

Vi ber om å bli orienterte om fylkeskommunen sin bruk av midlane. Rapportering frå fylkeskommunen skjer ein gong pr. år og elektronisk rapporteringsskjema blir tilsendt. For inneverande år er skjemaet sendt pr. e-post 19.09 med frist 15.10. Kommunane rapporterer også elektronisk direkte til Riksantikvaren,

Bevilgingsreglementet

Under tilvising til Bevilgningsreglementet § 10 gjer vi merksam på at Riksantikvaren har høve til å føre kontroll med at tilskotet vert brukt etter føresetnadene. Riksrevisjonen har tilsvarende kontrolladgang heimla i lov om riksrevisjonen av 7. mai 2004 § 12.

Beste helsing

Kristine Johansen (e.f.)
fung.seksjonssjef

Sissel Carlstrøm
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent

Kopi til: Voss kommune, Postboks 145, 5701 VOSS/ Stord kommune, Postboks 304, 5402 STORD/ Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ/ Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 MASFJORDNES

| Kontering ved tilskudd og tilsagn: <i>(for intern bruk hos Riksantikvaren)</i> | | | | Merknad/utbetaling |
|---|-----------|---------------|--------------|---|
| Konto: | Koststed: | Tilskuddsnr.: | Prosjektnr.: | Mottakers kontonr.: |
| 8700 | 31 | 170012... | 219 | 5201 06 74239, skal merkast 400.620.54 |